



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 26.02.2026
Tid: Kl. 13.00 - 18.45

Fremmøtte	Representerer	Funksjon
Børge Gundersen	Ap	medlem
Frode Emil Vartdal	Ap	medlem
Karen Høydal	Ap	medlem
Siri Dahl Masdal	Ap	medlem
Cindy Helen Hoddevik	FRP	medlem
Eilis-Mari Grinde	FRP	medlem
Even Melheim	FRP	medlem
Inge Kolås	FRP	medlem
Johan Bertel Vartdal	FRP	medlem
Odd Magne Vinjevoll	FRP	medlem
Tore Thon	FRP	medlem
Anne Sølvi Vatne	H	medlem
Per Are Sørheim	H	ordfører
Rune Hovde	H	medlem
Hjørdis Almelid Vikenes	KrF	medlem
Roger Vartdal	KrF	medlem
Anne Stine Foldal Aam	SP	medlem
John Helge Bjørndal	SP	medlem
Odd Bjarne Bjørdal	SP	medlem
Per Ivar Lied	SP	medlem
Tove Halse Digernes	SP	varaordfører
Yngve Frøland	SP	medlem
Magnar Hjertenæs	SV	medlem
Marit Akestad	SV	medlem
Synnøve Marie Sætre	SV	medlem
Are Folkestad, til kl. 17:00	V.	

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Alexander Riise Olsen	Ap	Ingvild Aasen	Ap
Asgeir Standal	FRP	Per Olav Sandbakk til kl. 17:30	FRP
Hans Olav Myklebust	FRP	Roy-Magne Mo, Til ca. 17:30	FRP
Hogne Sveinung Barstad	FRP	Monica Westrum Kipperberg	FRP
Guttorm Hagen	H	Anbjørn Steinholm Frislid	H

Inger Sandvik Sundnes H
Jahn Christer N. Humberstet H

Terje Koppen H
Sven Castberg, til H
ca. kl. 17. 15

Inhabile	Sak	Følgjene varamedl. møtte	Merknad
Per Ivar Lied	06/26	,	
Per Ivar Lied	15/26	,	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/6785
SK 01/26	Spørsmålskvarter	26/6785
PS 02/26	Orienteringar	26/6785
PS 03/26	Referatsaker	26/6785
PS 04/26	Høyrings svar til kommunekommisjonens NOU 1	26/6748
PS 05/26	Skulefråvær i Ørstaskulen: Eit kunnskapsgrunnlag og vegen vidare	26/330
PS 06/26	Høyringsinnspel landsdelanalyse NTP 2029-2040	26/6705
PS 07/26	Evaluerer av prosessen for 2026- budsjettet	26/373
PS 08/26	Årshjul for budsjettarbeidet - politisk medverknad	26/373
PS 09/26	Plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026	25/4774
PS 10/26	Tiltak for å redusere sjukefråværet 2026	26/367
PS 11/26	Årsmelding 2025 for Ørsta kontrollutval - UTSETT	26/6683
PS 12/26	Årsplan 2026 for Ørsta kontrollutval - UTSETT	26/6683
PS 13/26	Retningslinjer for Aktivitetssenteret på Bakk Ola marka UTSETT	26/344
PS 14/26	Stifting av nytt destinasjonsselskap i Møre og Romsdal - finansiering	25/3830
PS 15/26	Val av styremedlem til Sunnmøre Friluftsråd	22/259
PS 16/26	Grunngjeve spørsmål – UTSETT	26/6785
GS 01/26	Grunngjeve spørsmål - Gjenbruk av materiale og inventar - Kulturhuset	26/6711
PS 17/26	Interpellasjonar - UTSETT	26/6785
IP 01/26	Interpellasjon - lukking av brannavvik på Ørstaheimen	26/6619
PS 18/26	Ørsta kommunestyre, nytt varamedlem for Sosialistisk Venstreparti	26/6785

Ørsta, 26.02.2026

Per Are Sørheim
ordfører

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent utan merknad, med sak 18/26

Behandling:

Først i møte:

Tove Halse Digernes (SP) orienterte om Fairtrade.

Tove delte også ut utmerking for årets Fairtrade kommune, ordførar takka på vegne av kommunen.

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Marit Aklestad (SV) foreslo å sette referatsak 09/26 på saklista, ordførar svarte at han ville gi ei orientering.

Roy - Magne Mo FrP, foreslo å sette referatsak 13/26 som politisk sak, PS 18/26 på saklista.

Saklista vart godkjent utan merknad, med sak 18/26

Skrive under protokollen:

Per Ivar Lied (SP) og Cindy Helen Hoddevik (FrP) vart valde til å skrive under protokollen saman med ordførar

Sakene vart behandla i slik rekkefølge: 1/26 - 4/26, 10/26, 5/26 - 9/26, 14/26, 15/26, og 18/26.

Sakene 11/26 – 13/26, 16/26 og 17/26 vart utsett pga. at der skulle gjennomførast eit formannskapsmøte kl. 18.00.

SK 01/26 Spørsmålsskvarter

Behandling:

UTSETT

PS 02/26 Orienteringar

Behandling:

Status og prosessen om bærekraftig kommuneøkonomi. Per Are Sørheim (H), ordfører orienterte

Oppfølging av budsjettet for 2026. Jan Inge Bueide, økonomisjef og Kari Flø, konst. kommunedirektør orienterte og svarte på spørsmål, ordfører svarte på spørsmål.

PS 03/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Kommunebrevet 2026
02/26	Veileder om statsforvalterens kontroll og oppfølging av ROBEK-kommuner
03/26	Månadsrapport pr. november 2025
04/26	Skatteinngang pr. desember 2025
05/26	Skatteinngang pr. januar 2026
06/26	Notat til kommunestyre og formannskap om budsjettvedtak 2026 med verbalpunkt
07/26	Svar på innsending av budsjett og øk.plan for 2026-2029
08/26	Rapport Kartlegging av biologisk mangfold i Sunnmørsfjordane
09/26	Vidareføring av leieavtale utan tidsavgrensing - Tussa Kraftverk
10/26	Årsbrev fra Husbanken til ordførere og rådmenn/kommunedirektører
11/26	Melding om vedtak: Gjennomgang av møteprotokollar
12/26	Møteprotokoll - Ørsta kontrollutval - 09.02.2026
13/26	Ørsta kommunestyre, nytt varamedlem for Sosialistisk Venstreparti (SV)
14/26	Referat frå 2. møte i tverrkommunal politisk arbeidsgruppe for Volda og Ørsta

Behandling:

RS 9/26 Ordfører orienterte og svarte på spørsmål

Referatsakene vart tekne til vitende

PS 04/26 Høyringsvar til kommunekommisjonens NOU 1

Vedtak:

Kommunedirektør får fullmakt til å sende inn høyringsvar frå Ørsta kommune til NOU 2026 1: En bærekraftig kommunesektor (NOU 1), med dei innspel som følgjer av saka.

1. Til konkrete enkeltforslag i NOU 1

I. Ørsta kommune meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er ueigna og unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at dei bør unngåast.

II. Dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn per skule til kommunenivå.

III. Ørsta kommune støttar at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 blir oppheva.

IV. Ørsta kommune går imot forslaget om å fjerne øyremerking av tilskot til veterinærdekning, pga. at dette kan få alvorlege konsekvensar for dyrevelferd, mattryggleik og smitteberedskap i kommunane. Ørsta kommune oppmodar samtidig om at ordninga blir styrka gjennom auke av veterinærvaktilskotet.

V. Ørsta kommune går imot at grunnskuletilskotet vert avvikla.

VI. Ørsta kommune støttar forslag om forenkling av Husbankens investeringstilskotsordning i tråd med kommisjonen sitt forslag.

VII: Ørsta kommune støttar å heve kommunane si rapporteringsplikt for statlege tilskot frå 100.000 til 500.000 kr.

VIII: Ørsta kommune ønsker at Statsforvaltaren sitt motsegnsmyynde blir redusert

Generelt meiner Ørsta kommunestyre at kommunane treng forenklingar som gjer at kommunane kan oppretthalde god kvalitet og bemanning i dei grunnleggjande velferdstenestene som skule og eldreomsorg, og at staten må redusere detaljstyrte krav om dokumentasjon, rapportering og byråkratisering innanfor mange sektorar og nivå.

Ørsta kommunestyre vil også påpeike at det er uheldig at mandatet til kommunekommisjonen ikkje omhandlar inntektssida til kommunane. Kommunane treng eit finansieringsløft som gjer oss i stand til å utføre dei kommunale kjerneoppgåvene vi er sett til på ein likeverdig og forsvarleg måte.

Behandling:

Høyringssvar – kommunekommunikasjonens NOU 1 frå Ørsta AP, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

Vedtak:

- Kommunedirektøren i samarbeid med ordførar og varaordførar får fullmakt til å sende inn høyringssvar frå Ørsta kommune
- Ørsta kommune meiner prinsipielt at enkelte bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er nødvendige verkemiddel for å kunne gi gode tenester til innbyggjarane
- Ørsta kommune vil bevare lærarnorma (norma er eit minstekrav)
- Ørsta kommune støttar ikkje at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgslova § 3-2 blir oppheva (profesjonane det gjeld er lege, sjukepleiar, fysioterapeut, jordmor, helsesjukepleiar, ergoterapeut og psykolog)

Alternativt forslag, høyringssvar SV - TREKT, foreslått av Marit Aklestad, Sosialistisk Venstreparti

1. Ørsta kommunestyre meiner at dagens lærarnorm bør vidareførast.

Dette fordi at då har ein ei norm som er lik for heile landet. Viss ein avviklar lærarnorma, vert det færre lærarar som skal handtere større klasser, og det vil verte større skilnader mellom kommunane i kor mykje ressursar dei brukar på skulesektoren. Ein har fleire stadar i landet vanskar med å rekruttere lærarar pt, og å avvikle lærarnorma vil gjere dette arbeidet endå vanskelegare. Og dermed er det borna som vert sitjande att med ei tilbod som gjer mindre lærartid pr barn i framtida, viss dagens lærarnorm vert avvikla. Dette kan medføre meir utanforskap.

Så lenge ikkje del to av kommunekommisjonen sitt arbeid føreligg, bør ein ikkje endre på lærarnorma. Ein må ha eit heilskapleg bilde for å kunne gjere eventuelle endringar.

Eit viktig moment i debatten om lærarnorma, er dette med aukande skulefråvær som ein opplever fleire stadar. Her er det viktig at lærarar i godt samarbeid med heimane, finn gode samhandlingsmåtar, og dermed skulle ein hatt endå fleire vaksne hender på skulesida, for å kunne hjelpe dei som har utfordringar med å komme seg på skulen. Vert det færre lærarar tilstades, vert det også mindre tid per elev pr time.

.....

2) Ørsta kommunestyre meiner at ein ikkje skal fjerne kompetansekravet for spesifikke yrke innanfor helse- og omsorgssektoren, og heller ikkje bemanningsnorma.

Dette fordi at viss ein fjernar kompetansekrava for spesifikke yrke innanfor denne sektoren og bemanningsnorma, kan dette medføre at innbyggjarane får ulike tilbod alt etter kvar dei bur i landet, og ein kan også risikere auke i talet på feilbehandlingar. Barn og unge treng å ha lett tilgang til ulike helsetenester, og difor er det flott at det mange stadar er helsesjukepleiar på jobb på skulane. Assistentar, fagarbeidarar, miljørettleiarar/miljøterapeutar, læringar, lærarar og andre tilsette på skulane er viktige vaksenpersonar for elevane.

.....

3) Ørsta kommunestyre vil behalde øyremerka tilskot til veterinærtenester.

Veterinærtenester er lovpålagt for kommunane å ha, men ved å fjerne øyremerkinga, vil det truleg svekke kommunane sine høve til å sikre eit stabilt og forsvarleg tilbod, særleg i distrikta. Veterinærbere har ein viktig samfunnsfunksjon. God dyrevelferd er viktig. Det er også mattryggleik og berekraftig landbruk. Dette med øyremerka midlar er det viktigaste verkemiddelet staten har for å sikre nasjonalt likeverdig beredskap.

Tillegg: Heve rapporteringsgrensa statlege tilskot, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet (Nytt punkt): Ørsta kommune støttar å heve kommunane si rapporteringsplikt for statlege tilskot frå 100.000 til 500.000 kr

Nytt avslutningspunkt: Forenkling og betre økonomi, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet Generelt meiner Ørsta kommunestyre at kommunane treng forenklingar som gjer at kommunane kan oppretthalde god kvalitet og bemanning i dei grunnleggjande velferdstenestene som skule og eldreomsorg, og at staten må redusere detaljstyrte krav om dokumentasjon, rapportering og byråkratisering innanfor mange sektorar og nivå.

Ørsta kommunestyre vil også påpeike at det er uheldig at mandatet til kommunekommisjonen ikkje omhandlar inntektssida til kommunane. Kommunane treng eit finansieringsløft som gjer oss i stand til å utføre dei kommunale kjerneoppgåvene vi er sett til på ein likeverdig og forsvarleg måte.

Tilleggspunkt: Redusere motsegnsmyndet til Statsforvaltaren , foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Ørsta kommune ønsker at Statsforvaltaren sitt motsegnsmynde blir redusert

Endring i punkt 5 - Grunnskuletilskotet, foreslått av Yngve Frøland, Senterpartiet

Ørsta kommune går sterkt imot at grunnskuletilskotet vert avvikla.

Justert forslag, SV, AP, KrF, foreslått av Marit Aklestad, Sosialistisk Venstreparti

Kommunedirektøren får i samarbeid med ordførar og varaordførar fullmakt til å sende inn høyringssvar frå Ørsta kommune

Alternativ til kommunedirektøren si innstilling i punkt I, II, III og V

1. Ørsta kommunestyre meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er naudsynte verkemiddel for å kunne gi gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, både innanfor og på tvers av kommunar. Nasjonale minstekrav sikrar forsvarlege tenester og hindrar uforsvarleg nedbygging av den kommunale velferda.
2. Ørsta kommunestyre meiner at dagens lærarnorm må vidareførast, og ikkje flyttast til kommunenivå. Norma er eit minstekrav som sikrar elevane nok lærarar og likeverdig undervisning. Blir norma flytta til kommunenivå, vil det opne for større skilnader mellom skular, og vi fryktar at det blir færre lærarårsverk i skulen samla sett. Det vil råke elevane i ei tid der stadig fleire elevar slit med samansette og komplekse utfordringar, og ungt utanforskap er eit aukane problem.
3. Ørsta kommune støttar ikkje at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 blir oppheva. Kompetansekrava sikrar rett kompetanse på rett stad, noko som er ekstra viktig no når tenestene står overfor store og aukande krav. Å fjerne kompetansekrava vil svekkje fagmiljøa, gjere rekrutteringa vanskelegare, svekkje kvaliteten og kan føre til ulikskap i helsetenestene
4. Ørsta kommunestyre meiner at grunnskuletilskotet er viktig å behalde, då det minskar sentraliseringspresset og bidreg til å oppretthalde busetnaden, særleg i kommunar med utfordrande geografi. Dersom det blir fjerna, vil det føre til sentralisering og skulenedleggingar, og gjere det mindre attraktivt å busetje seg i distrikta.

Ordførar orienterte og fleire innlegg frå kommunestyrerepresentantar

Hjørdis Almelid Vikenes (KrF) foreslo gruppemøte

Etter gruppemøte vart det lagt fram "Justert forslag" frå SV, AP og KrF

Votering nr 1 - Votering over forslag

Kommunedirektøren si tilråding: 18 stemmer (55%) - FRP 10, H 6, SP 2 (Yngve Frøland og Per Ivar Lied)

Justert forslag, SV, AP, KrF: 15 stemmer (45%) - Ap 5, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1
Marit Aklestad (SV)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg: Heve rapporteringsgrensa statlege tilskot**

Per Ivar Lied (SP)

For: 33 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt avslutningspunkt: Forenkling og betre økonomi**

Per Ivar Lied (SP)

For: 33 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 4 - Voting over forslag

Forslag: **Tilleggspunkt: Redusere motsegnsmyndet til Statsforvaltaren**

Per Ivar Lied (SP)

For: 29 stemmer (88%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 6

Mot: 4 stemmer (12%) - SV 3, V 1

Votering nr 5 - Voting over forslag

Forslag: **Endring i punkt 5 - Grunnskuletilskotet**

Yngve Frøland (SP)

For: 29 stemmer (88%) - Ap 5, FRP 6, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1

Mot: 4 stemmer (12%) - FRP 4 (Eilis Mari Grinde, Inge Kolås, Johan Bertel Vartdal, Monica W. Kipperberg)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektør får fullmakt til å sende inn høyringssvar frå Ørsta kommune til NOU 2026 1: En berekraftig kommunesektor (NOU 1), med dei innspel som følgjer av saka.

1. Til konkrete enkeltforslag i NOU 1

I. Ørsta kommune meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er ueigna og unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at dei bør unngåast.

II. Dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn per skule til kommunenivå.

III. Ørsta kommune støttar at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 blir oppheva.

IV. Ørsta kommune går imot forslaget om å fjerne øyremerking av tilskot til veterinærdekning, pga. at dette kan få alvorlege konsekvensar for dyrevelferd, mattryggleik og smitteberedskap i kommunane. Ørsta kommune oppmodar samtidig om at ordninga blir styrka gjennom auke av veterinærvaktilskotet.

V. Ørsta kommune støttar at grunnskuletilskotet blir avvikla, og at beløpet blir fordelt etter ordinære kostnadsnøklar i inntektssystemet.

VI. Ørsta kommune støttar forslag om forenkling av Husbankens investeringstilskotsordning i tråd med kommisjonen sitt forslag.

Are Folkestad (V) og Sven Castberg (H) fekk permisjon (31 r.f.)

PS 05/26 Skulefråvær i Ørstaskulen: Eit kunnskapsgrunnlag og vegen vidare

Vedtak:

"Levekårsutvalet i Ørsta kommune legg framlegg til Skulefråvær i Ørstaskulen: Eit kunnskapsgrunnlag og vegen vidare ut på offentleg høyring med høyringsfrist 30.03.2026.»

Kommunestyret vil behandle saka etter at høyringa er avslutta.

Behandling:**Saka er lagt ut på høyring, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet**

«Levekårsutvalet i Ørsta kommune legg framlegg til Skulefråvær i Ørstaskulen: Eit kunnskapsgrunnlag og vegen vidare ut på offentleg høyring med høyringsfrist 30.03.2026.»

Vedtak: Kommunestyret vil behandle saka etter at høyringa er avslutta.

Pål Einar Brekke, konst. kommunalsjef OKI orienterte og svarte på spørsmål.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Saka er lagt ut på høyring: 29 stemmer (94%) - Ap 5, FRP 8, H 5, KrF 2, SP 6, SV 3

Karen Høydal (Ap)

Kommunedirektøren si tilråding: 2 stemmer (6%) - FRP 2

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet tek saka til orientering.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 05.02.2026 - 05/26

Levekårsutvalet i Ørsta kommune legg framlegg til Skulefråvær i Ørstaskulen: Eit kunnskapsgrunnlag og vegen vidare ut på offentleg høyring med høyringsfrist 30.03.2026

Kompetansen og erfaringane frå barn og ungdom som har opplevd ufrivillig skulefråvær bør takast med i det vidare arbeidet, i tillegg til etablerte utval og råd.

Levekårsutvalet tek saka til orientering, og bed kommunedirektøren kome attende med ei konkretisering og kostnadsoverslag for moglege tiltak for å møte dei samansette problemstillingane knytt til bekymringsfullt skulefråvær, slik som:

- Vurdering av å reetablere tverrfagleg LOS-funksjon eller andre støtte- og avlastningsfunksjonar i grunnskulen
- Utvikling av det kommunale psykisk helsetilbodet til barn og unge, herunder etableringa av tverrfagleg helseteam
- Vurdering av auka grunnbemanning opp mot kva det kan spare oss for på sikt ved å unngå at born og unge fell utanfor
- Vurdering av å setje av meir tid til leik og mindre tid til skjerm, samt fysiske og praktiske aktivitetar på barnetrinnet, særleg i småskulen
- Byggje ein kultur der foreldre og lokalsamfunn kan spele på lag med skulen og bidra til inkluderande oppvekstmiljø for alle

Roy Magne Mo (FrP) fekk permisjon.

PS 06/26 Høyringsinnspel landsdelanalyse NTP 2029-2040**Vedtak:**

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek framlagt høyringsuttale punkt 1-4.

Behandling:

Per Ivar Lied (SP) vart røysta ugild.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Kommunedirektøren si tilråding**

For: 29 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 5, KrF 2, SP 5, SV 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek framlagt høyringsuttale punkt 1-4.

Per Ivar Lied (SP) tok sete att (30 r.f.)

PS 07/26 Evaluering av prosessen for 2026- budsjettet

Vedtak:

Kommunestyret viser til innkomne evalueringsskjema og innspel frå gruppeleiarane rundt budsjettprosessen for 2026, og ber kommunedirektør ta omsyn til innspela i tidslinje og budsjettarbeidet for 2027.

Behandling:

Fellesforslag? Oppfølging evaluering budsjettprosess, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Kommunestyret viser til innkomne evalueringsskjema og innspel frå gruppeleiarane rundt budsjettprosessen for 2026, og ber kommunedirektør ta omsyn til innspela i tidslinje og budsjettarbeidet for 2027.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Fellesforslag? Oppfølging evaluering budsjettprosess: 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 5, KrF 2, SP 6, SV 3
Per Ivar Lied (SP)

Innstilling frå Formannskapet - 10.02.2026: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding

Evalueringsskjema for budsjettprosessen 2026 blir sendt til dei politiske partia for handsaming i gruppemøta i februar. Gruppeleiar legg fram ei kort munnleg oppsummering frå sine respektive grupper i kommunestyremøtet 26.2.26. Evalueringa skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for planlegging og gjennomføring av prosessen for 2027-budsjettet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.02.2026 - 08/26

Evalueringsskjema for budsjettprosessen 2026 blir sendt til dei politiske partia for handsaming i gruppemøta i februar. Gruppeleiar legg fram ei kort munnleg oppsummering frå sine respektive grupper i kommunestyremøtet 26.2.26. Evalueringa skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for planlegging og gjennomføring av prosessen for 2027-budsjettet.

PS 08/26 Årshjul for budsjettarbeidet - politisk medverknad

Vedtak:

Ørsta kommunestyre vedtek Årshjul for budsjettmedverknad slik det ligg føre. Auka utgifter til møtegodtgjersle skal primært dekkast av skjønsmidlar frå Statsforvaltar, sekundært dekkast av Politikkområdet.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: Innstilling fra Formannskapet - 10.02.2026

For: 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 5, KrF 2, SP 6, SV 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre vedtek Årshjul for budsjettmedverknad slik det ligg føre. Auka utgifter til møtegodtgjersle skal primært dekkast av skjønsmidler frå Statsforvaltar, sekundert dekkast av Politikkområdet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.02.2026 - 06/26

Ørsta kommunestyre vedtek Årshjul for budsjettmedverknad slik det ligg føre. Auka utgifter til møtegodtgjersle skal primært dekkast av skjønsmidler frå Statsforvaltar, sekundert dekkast av Politikkområdet.

Per Olav Sandbakk (FrP) fekk permisjon

PS 09/26 Plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026

Vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026 som vist i vedlegg til saka.

Kommunedirektøren rapporterer om omstillingsarbeidet til formannskap og kommunestyret.

Behandling:

Plan for rapportering, foreslått av Odd Magne Vinjevoll, Framstegspartiet

Kommunestyret vedtek plan for rapportering av økonomi og periodisert rekneskap skal vere kvartalsvis og på avdelingsnivå. Vedlagt statistikk for sjukefråvær.

Månadsrapportering og tertialrapportering går da ut.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Plan for rapportering: 9 stemmer (31%) - FRP 7, SP 2

Odd Magne Vinjevoll (FRP)

Innstilling fra Formannskapet - 10.02.2026: 20 stemmer (69%) - Ap 5, FRP 1, H 5, KrF 2, SP 4, SV 3

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026 som vist i vedlegg til saka.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.02.2026 - 07/26

Kommunestyret vedtek plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026 som vist i vedlegg til saka.

Kommunedirektøren rapporterer om omstillingsarbeidet til formannskap og kommunestyret.

PS 10/26 Tiltak for å redusere sjukefråværet 2026

Vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering, men ber administrasjonen konkretisere handlingsplan for sjukefråværsarbeidet med konkrete mål for reduksjon i sjukefråvær i 2026, tydeleg ansvars plassering og plan for måling av effekt. Kommunestyret ber vidare om at rapporteringa til politisk nivå inneheld analyse av årsaker, vurdering av effekt av tiltak og eventuelle behov for justering.

Oversendingsframlegg:

Styrke grunnbemanning i HOV : Heimesjukepleie 3 stillingar, Ørstaheimen 4 stillingar, Hjørundfjordheimen 2 stillingar, Vartdal Helsetun 2 stillingar

Styrking av grunnbemanning gir betre tenester, mindre sjukefråvær, mindre innleige frå bemanningsbyrå, mindre overtid og ein meir attraktiv arbeidsplass.

Ingen meirkostnad ved å flytte resursar: 4 stillingar frå mellomlederskikt i HOV og reduksjon av 7 stillingar i TEL.

Behandling:

Sjukefråvær - styrking av grunnbemanning, foreslått av Odd Magne Vinjevoll, Framstegspartiet

Styrke grunnbemanning i HOV : Heimesjukepleie 3 stillingar, Ørstaheimen 4 stillingar, Hjørundfjordheimen 2 stillingar, Vartdal Helsetun 2 stillingar

Styrking av grunnbemanning gir betre tenester, mindre sjukefråvær, mindre innleige frå bemanningsbyrå, mindre overtid og ein meir attraktiv arbeidsplass.

Ingen meirkostnad ved å flytte resursar: 4 stillingar frå mellomleiariskikt i HOV og reduksjon av 7 stillingar i TEL.

Tilleggs punkt - Førebygging av sjukefråvær gjennom auka grunnbemanning, foreslått av Marit Aklestad, Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret tek saka til orientering og sluttar seg til dei oppsummerande tiltaka 1-6 som administrasjonen vil setje i verk.

I tillegg bed kommunestyret administrasjonen leggje til eit nytt punkt 7: Førebygging av sjukefråvær gjennom auka grunnbemanning

Kommunen skal arbeide for å styrkje grunnbemanninga som eit ledd i å få ned sjukefråværet og minske bruken av innleige og vikarbyrå.

alternativt forslag, foreslått av Are Folkestad, Venstre

Kommunestyret tek saka til orientering, men ber administrasjonen konkretisere handlingsplan for sjukefråværsarbeidet med konkrete mål for reduksjon i sjukefråvær i 2026, tydeleg ansvars plassering og plan for måling av effekt. Kommunestyret ber vidare om at rapporteringa til politisk nivå inneheld analyse av årsaker, vurdering av effekt av tiltak og eventuelle behov for justering.

Saka vart behandla før sak 05/26.

Ordførar varsla at forslag frå Odd Magne Vinjevoll (FRP) ikkje blir røysta over, manglar inndecking.

Odd Magne Vinjevoll (FRP) endra sitt forslag til oversendingsframlegg.

Ordførar varsla at forslag frå Marit Aklestad (SV) ikkje blir røysta over, manglar inndecking.

Votering nr 1 - Votering over forslag

alternativt forslag: 26 stemmer (79%) - Ap 5, FRP 4, H 5, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
Are Folkestad (V)

Kommunedirektøren si tilråding: 7 stemmer (21%) - FRP 6, H 1 (Terje Koppen)

Kommunedirektøren si tilråding:
Kommunestyret tek saka til vitende.

PS 11/26 Årsmelding 2025 for Ørsta kontrollutval

Vedtak:

Behandling:

UTSETT

Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgjande framlegg:
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

PS 12/26 Årsplan 2026 for Ørsta kontrollutval

Behandling:

UTSETT

Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret med fylgjande:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

PS 13/26 Retningslinjer for Aktivitetssenteret på Bakk Ola marka

Behandling:

UTSETT

Kommunedirektøren si tilråding:

Retningslinjer og samarbeidsavtale for Aktivitetssenteret på Bakk Ola marka blir vedteke.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 05.02.2026 - 09/26

Samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og aktivitetslaget på Bakk Ola Marka

PS 14/26 Stifting av nytt destinasjonsselskap i Møre og Romsdal - finansiering

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at kr 10 000 til kjøp av aksjar i eit nytt felles destinasjonsselskap for Møre og Romsdal vert finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 10.02.2026**

For: 29 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 5, KrF 2, SP 6, SV 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at kr 10 000 til kjøp av aksjar i eit nytt felles destinasjonsselskap for Møre og Romsdal vert finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.02.2026 - 09/26

Kommunestyret vedtek at kr 10 000 til kjøp av aksjar i eit nytt felles destinasjonsselskap for Møre og Romsdal vert finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

PS 15/26 Val av styremedlem til Sunnmøre Friluftsråd

Vedtak:

Kommunestyret i Ørsta oppnemner Anne Sølvi Vatne og Guttorm Hagen som Ørsta kommune sine kandidatar som styremedlem og varamedlem i Sunnmøre Friluftsråd for perioden 2026-2028.

Endeleg val av styremedlem blir gjort av representantskapet i Sunnmøre Friluftsråd, og er avhengig av den samla kjønnsbalansen i styret.

Behandling:

Per Ivar Lied røysta ugild, saksbehandlar på saka.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 10.02.2026**

For: 28 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 5, KrF 2, SP 5, SV 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Ørsta oppnemner (namn kvinne) og (namn mann) som Ørsta kommune sine kandidatar som styremedlem og varamedlem i Sunnmøre Friluftsråd for perioden 2026-2028.

Endeleg val av styremedlem blir gjort av representantskapet i Sunnmøre Friluftsråd, og er avhengig av den samla kjønnsbalansen i styret.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.02.2026 - 11/26

Kommunestyret i Ørsta oppnemner Anne Sølvi Vatne og Guttorm Hagen som Ørsta kommune sine kandidatar som styremedlem og varamedlem i Sunnmøre Friluftsråd for perioden 2026-2028.

Endeleg val av styremedlem blir gjort av representantskapet i Sunnmøre Friluftsråd, og er avhengig av den samla kjønnsbalansen i styret.

PS 16/26 Grunngjeve spørsmål**Vedtak:****Underliggende sak:**

Saksnr.	Tittel
01/26	Grunngjeve spørsmål - Gjenbruk av materiale og inventar - Kulturhuset

Behandling:

UTSETT

GS 01/26 Grunngjeve spørsmål - Gjenbruk av materiale og inventar - Kulturhuset**Vedtak:****Behandling:**

UTSETT

PS 17/26 Interpellasjonar**Vedtak:****Underliggende sak:**

Saksnr.	Tittel
01/26	Interpellasjon - lukking av brannavvik på Ørstaheimen

Behandling:

UTSETT

IP 01/26 Interpellasjon - lukking av brannavvik på Ørstaheimen

Behandling:

UTSETT

PS 18/26 Ørsta kommunestyre, nytt varamedlem for Sosialistisk Venstreparti

Vedtak:

Kristoffer Myklebust Egset (SV), trer ut av Ørsta kommunestyre, jf. kommunelova § 7-9.

Nytt varamedlem for SV: Bente Cathrine Hjertenæs

Behandling:

Sjå RS 13/26 for meir info.

Magnar Hjertenæs (SV) vart røysta gild.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Kommunedirektøren si tilråding**

For: 29 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 5, KrF 2, SP 6, SV 3

Mot: 0 stemmer (0%)